

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Jenny Følling (SP) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er leiar i Mineralrådet Vestland. Følling gjekk frå under spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Følling var inhabil etter forvaltningslova § 6 anne ledd. Følling gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 63 representantar til stades.

Åsmund Berthelsen (SV) sette på vegner av SV, MDG, V fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune skal medverke i arbeidet med å utnytte mineralressursane i Vestland, og å utvikle mineralnæringa. I Vestland er det eit stort potensiale for utvikling som kan gje større verdiskaping og mange arbeidsplassar.
2. Vestland fylkeskommune vil ta ei leiande og ei koordinerande rolle i arbeidet.
3. Det vert utarbeidd ein eigen strategi for arbeidet, og det vert vurdert ulike måtar å arbeide på, i tillegg til at det er ei oppgåve for næringsavdelinga og næringsutvalet i fylkeskommunen.
4. Mineralråd Vestland er oppretta og valt i strid med kommunelova og Vestland fylkeskommune kan ikkje delta i dette. Vestland fylkeskommune vil i staden samarbeide med kommunane om saksfeltet, mineralressursar og mineralnæring.
5. Grunnlaget for Vestland fylkeskommune sitt arbeid skal vere ei berekraftig mineralnæring med full ressursutnytting utan bruk av sjødeponi og dagbrot, og ei drift med minst mogleg miljøulemper, og mål om null klimautslepp.»

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke mot 13 røyster (SV, MDG, R, V) for Berthelsen sitt forslag.

Vedtak

1. Med dagens organisering kan Vestland fylkeskommune ikkje ta del i Mineralrådet Vestland. Vestland fylkeskommune må saman med dei omfatta kommunane samarbeide om å finne ei tenleg organisering og oppdatering av vedtekten. Oppnemning av politiske medlemmer i mineralrådet vil bli gjort ved ny sak om organisering.
2. Midlar som tidlegare er tildelte av Sogn og Fjordane fylkeskommune står framleis til disposisjon for det føremålet dei er løvvde til.
3. Fylkestinget tek elles saka til vitande.